

For fint å jobba i hagen!

26.03.2011



Tordis - til fjells som vanleg

I dag er det strålende vårver etter ei natt med ned mot 6-7 minus i dei sentrale delar av bygda og mange meiner at tida er inne for den første store innsatsen i hagen.

Korleis ser dei på dei to alternativa på Flatholm?

Meiner dei der at hagen må prioriterast?



Stig - startar med grusen

Det meiner ikkje den ivrigaste fjellgeita vi har, evigunge Tordis Myklebust.
Ho svarar spontant slik på spørsmålet om også ho skal ta ei økt i hagen i dag:
- Nei, ærleg tala, det skal eg ikkje. Eg tykkjer det er altfor fint ver til å
å jobba i hagen. Eg satsar difor som vanleg på ein tur til fjells. Så får eg
heller ta att det forsømte i hagen ein annan dag som ikkje er så fin....

Men naboen til Tordis på Flatholm, Stig Berge Soldal, ligg for sin del i startgropa
for ein hageinnsats. Han startar med resultatet av grusinga i vegen. Og det er
vel ingen därleg start? Det er mykje grus å samla opp att etter ein glatt
vinter med iherdige entreprenørar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



For ein strålande dag, med nyfrose is i sundet!